

Strategisk posisjonering

Mogelege strategiske posisjonar for Sogn
frå eit utfordrarperspektiv

Demanti

Ordførarane er sjølvsagt suverene til å sette retning og ambisjonar for det regionale arbeidet


Regionalplanen er – har vore – og vil framleis vere den viktigaste arbeidsreiskapen for regionen

Eg får lov å tenke fritt som utfordrar i Sogndal kommune, og har brukt det siste året på å oppfatte, forstå og omsette nasjonale- og regionale strategiar og utviklingstrekk til våre lokale tilhøve, men

Har formelt ingen ting med å meine noko om dette

Erfaringane frå Sogndal

- Tek posisjon der me har vedtekne satsingar
- Kontinuerleg relasjonsbygging mot departement, direktorat, KS, fylke osv.
- Viktige avgjersle har gått vår veg



Er
utviklingsarbeid
politikk eller
administrasjon?



Utviklingsparadokset



Sogn er og har vore ein føregangsregion på mange område – det har vore jobba enormt godt historisk



Skal ein vere ein føregangsregion i framtida, må ein makte å tenke nytt medan det framleis går bra

Underlag og bakgrunn

Regionalplanen

Bygdevekstsøknaden

Samarbeidsdiskusjonane på
administrativt nivå

Viktige utviklingstrekk for
storsamfunnet*

Kvifor er me på jobb – egentleg?

- Kommunelova §1-1:
 - «Formålet med loven er å fremme det kommunale og fylkeskommunale selvstyret og legge nødvendige rammer for det. Loven skal legge til rette for det lokale folkestyret og et sterkt og representativt lokaldemokrati med **aktiv innbyggerdeltakelse**.
- Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner **kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne**. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er **effektive, tillitskapende og bærekraftige**.»

Kommunane eier ansvaret gjennom plan- og bygningslova

- (Pl.b.-)Loven skal **fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.** (§1.1a)
- Kommuneplanen skal **ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver**, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. (§11-1)

Kva krev det av oss som kommune?

- «Kommunal planlegging har til formål å **legge til rette for utvikling og samordnet oppgaveløsning** i kommunen gjennom forvaltning av arealene og naturressursene i kommunen, og ved å gi grunnlag for gjennomføring av kommunal, regional, statlig og privat virksomhet.» (§3-3)



Det me veit
om framtida

Ståa i norske kommunar (Menon 46/2022)

**«Ingen norske kommunar leverer på
lovkrava i dag – og no kjem dei
vanskelege utfordringane framover»**



Størrelse teller (Menon 34/2023 på oppdrag frå Akademikerne)

«Små kommunar (som Sogndal) tapar konkurransen om fagfolk, fordi kommunane ikkje klarar å bygge sterke og attraktive nok fagmiljø. Meir, fleire og større samarbeid er den anbefalte oppskrifta»



«Me blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder og veksten i inntektene på statsbudsjettet er forventa å avta markert.
Kommunane må samarbeide (mykje) meir for å ta i vare generalistkommuneprinsippa om at alle innbyggjarar har rett på likeverdige tenester»

NOU 2023:9 –
Generalistkommunesystemet



«Fleire eldre og for få tilgjengelege ressursar i helsetenestene vil tvinge fram nye måtar å jobbe på, organisere tenestene på og prioritere mellom tenestemottakarar på om få år»

NOU 2023:4 – Tid for handling:
Personellet i en bærekraftig helse- og
omsorgsteneste

Heimeregion til viktige nordiske sirkulære hubar

- Lovverket som set krav til sirkulærøkonomi er under utarbeding i EU no. Dei som tek tidleg posisjon vil potensielt kunne hauste store gevinstar i form av arbeidsplassar og statlege og regionale utviklingsmidlar
- Skape ei innramming der Årdal, med industrihuben og alle dei enorme utviklingsressursane som Årdal har, til å trekke saman med resten av regionen
- Ein bio-hub kan romme alt som er organisk, og betyr nye koplingar mellom område som Sogn er sterke på frå før: Reiseliv, mat og drikke, prosessindustri, skog- og jordbruk – kopla med renovasjon, oppatt bruk og rein energi
- Vil gje Sogn ein annleis og framtidsretta profil som skil oss frå andre, med realistisk potensiale for nasjonal posisjon, inkludert eit betydeleg arbeidsplasspotensiale



Pionérregion for kompetent planlegging for framtida

- Sogn har alle dei nasjonale problemstillingane knytt til å planlegge for eiga utvikling over alt i kommunane: Ras, flaum, havnivåstigning, naturvern, kulturminne og jordvern.
- Historia er krystallklar: Dei kommunane som er flinkast på planlegging har fått den beste utviklinga!
- God overordna planlegging er nøkkelen for å løyse privat skaparkraft – både innanfor bustad og næring
- I bygdevekstsøknaden er overordna planlegging peika på som eit viktig arbeidsområde for Sognekommunane – og nøkkelen for å løyse ut folketalsutviklinga og næringspotensialet i regionen



Landets fremste region for aktivt friluftsliv

- Heim for internasjonalt anerkjente nasjonal- og verdsarvparkar, med lange tradisjonar for bruk, verdiskaping og forvaltning basert på viktig og sårbar natur
- Nasjonalt anerkjente FoU-miljø innan friluftsliv, naturbasert reiseliv og fysisk aktivitet
- Unike alpine heilårsdestinasjonar med snøsikre vinterframskrivingar på eit kontinent der vintrane er i ferd med å forsvinne
- Nasjonalt anerkjent sykkel- og vandredestinasjon i verdklasse og over snittet spreke innbyggjarar (Folkehelseundersøkinga 2022)



Den rurbane distriktsregionen

- Spennande arbeidsmarknad, jobbar som ikkje betyr å klatre nedover karrierestigen samanlikna med dei store byane
- Tettstadar som gjev god og enkel kvardagslogistikk, men med urbane kvalitetar som ikkje står tilbake frå dei hippaste bydelane
- Eit samanhengande bu- og arbeidsområde med god internmobilitet og moderne mobilitetsløysingar






Distriktpolitikken sin sløydsal

- Der Arendalsveka er politikkens dansegolv, vil Sogn vere distriktpolitikken sin sløydsal
- Praktisk politikkutforming på distrikta sine premiss, som treff i ei verd som skal løyse berekraftsutfordringane, vere ein del av det globale fellesskapet, levere (r)urbane verdiar og som vert stadig meir digital
- Sogn – og landet elles – treng ein verkstad som raskt kan utvikle, teste og ta i bruk ein ny distriktpolitikk som heng med i ei stadig raskare endringstakt for å unngå å bli statistar til eiga utvikling



Fem posisjonar som styrkar kvarandre og passar i lag

- Dei fem posisjonane har til felles at dei byggjer på eksterande fortrinn som Sogn har i dag, men tek dei bruk på ein ny måte
- Dei vil gjensidig styrke kvarandre – kvar av dei gir meir mening sett i lys av resten enn kvar for seg
- Dei treff godt på dei nasjonale problemstillingane og strategiane

A landscape photograph featuring a tall, dark vertical ladder standing upright in a vast, open field. The ladder casts a long, dark shadow across the ground towards the bottom right. The background consists of rolling hills under a sky filled with scattered clouds. In the upper right quadrant of the image, there is a large, semi-transparent white text block.

Frå der eg står –
fagre ord, eller
viktig grunnlag for
handling?